



I fjor fekk Uskedalen 20.000 frå "bank-potten" til opprusting av badestranda. Har bygda noko aktuelt prosjekt å søkja for i år? (Foto: Ola Matti Mathisen).

**I fjor fekk Uskedalen 20.000 kroner av Kvinnherad Sparebank til opprustinga av badestranda.**

**Har bygda også i år eit prosjekt som det kan søkja om ei gåve til av det som no heiter Sparebank 1 Kvinnherad?**

Fristen for å søkja om "gåve til ålmennyttige føremål", som det heiter i sparebanklovas paragraf 28, går ut 28. februar. Difor gjeld det å ikkje venta for lenge med utfyllinga av søknadsskjemaet, som ligg på heimesida til banken. Det blir presisert at midlane ikkje skal brukast til vanleg drift av laget som søkjer, men til støtte for prosjekt som det planlegg å starta eller gjennomføra i 2007.

Banken har allereie vore raus i 2007. Den har gjeve 100.000 kroner til Kvinnherad Røde Kors Hjelpekorps for å hjelpa korpset ut av den akutte konomiske knipa det har vore oppe i.

– Dette er ei hjelp til heile lokalsamfunnet, skriv banken i ei pressemelding.

I tillegg til at gåva gjev økonomisk handlefridom til å gjennomføra nødvendig investering i materiell og utdanning, vonar banken at den på denne måten kan gje leiinga i korpset og det einskilde medlem motivasjon til framleis å stå på til nytte og gleda for alle i Kvinnherad.

For 2005 ga banken 500.000 kroner til ålmennyttige føremål. Det var 96 som søkte og 15 som fekk gåve. Det er enno ikkje klårt kor mykje av overskotet for 2006 som vil gå til denne potten, det avheng av det endelege vedtaket i forstanderskapet. Men det er all grunn til å tru at gåvepotten vil bli minst like stor som for 2005.

Bankleiinga presiserer overfor uskedalen.no at dei 100.000 til hjelpekorpsset ikkje vil gå til frådrag i summen for 2006 og difor vil redusera denne, men er å betrakta som eit ekstraordinært tilskott.

Av Ola Matti Mathisen

